

[29/11, 2016]

1. søndag i Advent - Kongens adventssøndag av Ingolv Gjedrem

Matteus 21, 1 - 11. Lesetekstar: Salme 24, 1-10, Rom. 13, 11-12

Da han dro inn i Jerusalem, ble det uro i hele byen, og de spurte: «Hvem er dette?» Og mengden svarte: «Det er profeten Jesus fra Nasaret i Galilea.» Så gikk Jesus inn på tempelplassen og jaget ut alle dem som solgte og kjøpte der. Han veltet pengevekslernes bord og duehandlernes benker og sa til dem: «Det står skrevet: Mitt hus skal kalles et bønnens hus. Men dere gjør det til en røverhule.» På tempelplassen kom noen blinde og lamme til ham, og han helbredet dem. Men da overprestene og de skriftlærde så undrene han gjorde og hørte barna som ropte i helligdommen: «Hosianna, Davids sønn!» ble de forarget og spurte ham: «Hører du hva de sier?» «Ja», svarte Jesus. «Har dere aldri lest: Fra småbarns og spedbarns munn har du latt lovsang lyde!» Så forlot han dem og gikk ut av byen, til Betania. Der ble han natten over.

-

"Vel begynt er halvt fullendt!" - slik lyder eit kjent ordtak. Denne søndagen og vår preiketekst står på mange vis i begynnelsens teikn. Det er første søndag i advent. Jesu inntog i Jerusalem er eit vannskilje i evangeliet sine beretningar om Jesus. Jesu virke i Galiléa er over og Jesu inntog i Jerusalem er innleiinga til frelseskjennsgjeringane med Jesu lidning, død og oppstode som klimaks.

I kristen forstand har alle gode begynnelser samanheng med frelse og evig liv ved Jesus Kristus. Fornying og vekking i bibelsk forstand begynner ikkje ved at vi går inn i oss sjølv for å søkja åndeleg lys og kraft i vårt eige indre, men ved at vår merksemd vert retta mot Jesus. Det å finna seg sjølv som ein måte å finna Kristus på, er dømt til å mislukkast. Det betyr ikkje at det er utan betydning å kjenna seg sjølv og å ha sjølv-respekt. Men likevel tvert om: Ved inngangen til eit nytt kyrkjeår skal vi få minna kvarandre om at Kristus kjem til oss: "Sei til dotter Sion: Sjå, kongen din kjem til deg, audmjuk er han og rid på eit esel og på folen til eit trekkdyr."

Profeten Jesaja seier i 9, 2 og 6: "Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far og Fredsfyrste."

Vi er attende til ca. år 730 f. Kr. og profeten Jesaja uttalar ei truverdtkjenning til sitt eige folks framtid. Jesaja kjende Guds vilje og beslutning om å frelsa og senda ein redningsmann for folket sitt. Han var trygg på at Gud ville oppfylle sine løfter til Israel.

Det er vanskeleg å tru at profeten berre såg ein konge stiga fram i nær framtid. Ordet er ei vedtkjenning av tru på at Gud vil gripa inn - langt inn i framtida. Vi kan sjå attende 2746 år og slutta oss til profeten si truverdtkjenning til Guds Frelsar, Jesus Messias, Guds utsending som er Underfull Rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far og Fredsfyrste. Frå vår ståstad ser vi at profeten, 730 år fram i tid ser Guds Utsending koma som eit barn, fødd inn i vår verd for å verta vår Frelsar. Profeten kjem med ei Kristus-vedtkjenning.

Vi lever i ei vanskeleg tid. Vi er trygge når Jesus får vera vår Rådgjevar. Kva vil Jesus at du og eg skal gjera? Kanhenda er svaret både meir nærliggjande og meir spennande enn me kan forestilla oss!

Han er:

Underfull Rådgevar - den beste i rekka av Rådgevarar, å kor me treng Han.

Veldig Gud - Ingen andre enn Gud kunne frelsa oss, difor vart Gud menneske.

Evig Far - Han som reid på den vesle eselfolen inn i Jerusalem er Evig Far!

Fredsyrste - Etter jødisk tankegang er fred ein tilstand der alle ting, menneske, dyr og planter får leva uforstyrra etter sitt føremål.

Fred eksisterer difor berre når alle skapningar reknar med og trur på Gud og lever i overeinstemming med ei slik innstilling.

Ved Guds Ord og Sakramenta kjem Han til oss. Ny religiøsitet, New Age seier at vi skal søkja Gud ved å venda oss innover i oss sjølve. Nei! Det er godt at Kristus er noko heilt anna enn meg sjølv. Det er godt at Jesus er den Eineståande som står overfor meg og kjem til meg og vil meg vel. Det er uendeleg langt betre enn at han skulle vera meir av det eg er, meir av noko eg kan finna i mitt eige eg.

Han kjem til meg og eg skal få koma til Han. Gud sjølv kjem til oss audmjukt, ridande på eit esel. Heller ikkje idag tvingar han meg med kongeleg makt og prakt. Han kallar meg ved sitt ord: "I dag når du hører den lokkende stemme, Han ber deg å komme til Faderens favn. Du ofte i hjertet Hans røst kan fornemme, Han kaller deg stille og nevner ditt navn."

Du vert ikkje tvinga til å koma til Gudsteneste, eller møte. Han innbyr deg til å leggja av di syndebør hjå Jesus. Ved at Han møter deg i Ord og Sakrament begynner Han sin gjerning i deg og Han skal fullføra den like til Jesu Kristi dag. Han har dekkja bord for deg og du skal få ta imot Hans lekam og blod, til soning for alle dine synder og til næring for ditt liv som ein kristen. Når Jesus kjem med sitt kall til deg, då kan du koma til Han.

Kan du minnst då du var liten, hadde falle og slått deg? Du vart liggjande og mor kom springande. Då var det fint at mor kom og løfta deg opp. Du kom på ein måte til mor di ved at du ikkje stritta imot, men let henne bera deg inn, vaska såret og leggja bandasje på. Du skreik kanhenda som eit lite barn gjer når noko er vondt, men du var glad for at mor kom. Slik skal du få koma til Jesus:

Han søkte meg i nåde som gikk på syndens vei,

Han fant meg trett og såret og bar meg hjem til seg.

Mens engler for Guds trone sang og himlens harper liflig klang.

Nåde at han fant meg, kjærlyhet som vant meg, nåde at han bar meg til sin fold,

Nåde at Han bar meg til sin fold.

Du må ikkje vera perfekt for å koma til Jesus. Du kan ta fatt på vandringa saman med Jesus idag. I kristen forstand har alle gode begynnelse samanheng med frelse, syndsforlating og nytt liv, evig liv ved Jesus Kristus. Han er Frelsaren, eg er ein syndar. Du skal få begynna det nye livet saman med Jesus. Du er ikkje for ung, ikkje for gammal, ikkje for dum, ikkje for klok, ikkje for syndig, ikkje for slem for å koma til Jesus. Du skal få koma som du er! Den gode begynnelse er avhengig av Jesus og Hans syndstilgjeving.

Han frelser og gir det nye livet til den som kjem til Jesus og trur hans ord.

Begynnelse er eit sterkt ord, det har og i seg tanken om å begynne på nytt. Du som har begynt før - du skal få komme på nytt:

"Få komme på ny, det er hva jeg trenger ved kveld som ved gry,

det er hva jeg trenger hver time som går. Titt fiendens piler gir sviende sår,

jeg trenger en lege til hvem jeg kan fly, få komme på ny."

Jesus har gode tankar og planar for kvar enkelt av oss. Vi er skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud føreåt har lagt ferdige for at me skal vandra i dei.

Det er spanande å lytta og leva etter råda frå Han som er Underfull Rådgivar, Veldig Gud, Evig Far og Fredsfyrste!
Han seier: "Den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort!"